

## **Styremøte Bryggja Utviklingslag onsdag 3. juni 2015**

Desse møtte: Gert Meyer, Solveig Haugan, Katho Nave Gill og Øystein Hessevik (Skriver)

Sakliste:

### 1. Turistbrosjyre for Bryggja

Styret foreslår å legge dette prosjektet på vent. Ingen av dei noverande styremedlemene har innsikt i prosjektet. Vi ventar tilbakemelding frå tidlegare styremedlemar på prosjektet sin status.

### 2. Innkjøp av hjertestartar til «bygda»

Styret har gått inn for å kjøpe hjertestartar til «bygda». Hjertestartaren vil bli plassert ved hovudinngangen på Bryggja omsorgsenter og skal vere tilgjengeleg døgnet rundt for alle i bygda.

Styret har vurdert nokre typar hjertestartarar og har kjeme fram til å kjøpe typen «Telefunken HR1». Styret bestemmer og at ein skal kjøpe ei trygghetsavtale som skal sørge for at batteri og elektrodar til ein kvar tid er oppdatert.

Styret ynskjer å organisere ein infokveld med kurs i bruk av hjertestartar. Dato vil ein komme tilbake til.

### 3. Søholmen

Nytt tak på toaletthuset på Søholmen. Terje Brobakke vil sponse lekter og dekratak. Det vil i løpet av forsommaren bli sett opp ein dugnadsdag der arbeidet vil bli gjort. Andre ting som må gjerast er; bygging av nye gruer ved toalettbygg og ved brygge, bygging av nye benkar evt. reparere gamle benkar.

Volleyballbane.

Skulen har donert dei gamle volleyballstengene som stod på skuleplassen. Det vil bli sett ned nye fundament med rør for montering av stengene. Katho ordnar fundamentrør med plate for innstøyping.

Referent: Øystein Hessevik